


Referat

Møte i kommunalsjefgruppa for helse og omsorg

Møte:	Møte 7-2016
Tid:	14.oktober kl. 09.00 - 14.00
Stad:	Møterom Regionrådet
Til stades:	Helga Ellingsen, , Kristin Rud Myking, Oddvin Neset, Helge Kvam, Mette Fauskanger og Anne Hildegunn Færøy
Ikkje møtt:	Grethe Herøy, Leni Dale
Møteleiar:	Helga Ellingsen, Ingebjørg Søreide
Referat:	Anne Hildegunn Færøy

Nr.	Sak	Ansv./tid
29/16	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjent utan merknader.	
30/16	Godkjenning av referat frå møte 6 - 2016, 7.september Referatet er godkjent med nokre merknader <ul style="list-style-type: none"> – gruppa ber om at referata vert meir konkret når det gjeld konklusjon/vedtak og formulering av oppgåver til fagråd og nettverk. – Merknad til sak 3 i «Open time» Rett til sjukeheimplass eller tilsvarande, skal heimlast i lokal forskrift Fagrådet for PLO har bedt om ei meir spissa bestilling ifht denne saka. Bestilling på utgreiing av førebuing til ny forskrift: <ul style="list-style-type: none"> - Korleis er kommunane organisert i høve inntaksteam? - Føreligg det skriftleg rutine for teamet sitt arbeid? - Kva er rutinane og kriteria for tildeling i kommunane? - Kva terskel har omsorgstrappa i kvar kommune? - Korleis er beslutningsprosessen frå søknad til vedtak? - Kven vurderer pasienten sine behov? Vert IPLOS nytta? Vidare ber grupa om at det vert vurdert; Kva er det som skal til for at ein person får sjukeheimplass/ heildøgns omsorgstilbod i dei ulike kommunane? Helga sender e-post til leiar og repr. frå Masfjorden med denne presiseringa og spør om fagrådet for PLO kan drøfte dette i løpet av oktober – starten av november.	Alle
31/16	Rehabiliteringsdagar - deling av kostnader til planlegging og gjennomføring. Det har komme spørsmål frå HDS v/ Janne Ferstad om kommunane kan bidra med kr. 15 000 til planlegging og gjennomføring av Rehabiliteringsdagane ved Haraldsplass i 2017. Gruppa drøfta saka og er positiv til å bidra økonomisk. Anne Hildegunn meiner dette er midlar som kan takast frå samhandlingsmidlar som NUI forvaltar. Gruppa sluttar seg til dette forslaget.	AHF

32/16	<p>Kunnskapskommunen - invitasjon til samarbeid Bergen kommune v/ Byrådsavdeling for helse og omsorg har invitert omeignskommunar til samarbeid om Kunnskapskommunen. Invitasjon vedlagt.</p> <p>Konklusjon: Grappa er positiv til eit slikt samarbeid og oppmodar alle kommunane til å gå inn i dette samarbeidet. Kvar kommune må handsame dette og evt inngå avtale med Bergen kommune om deltaking.</p>	 Bli en del av kunnskapskommunen Alle												
33/16	<p>Handlingsplan 2017 - for samarbeid kommune - sjukehus Kommunane og partane i spesialisthelsetenesta utarbeider årleg ein felles handlingsplan. Samarbeidssekretariatet har sendt ut spørsmål til alle kommunar om å komme med innspel til saker eller tema som skal prioriterast i Handlingsplan 2017. Grappa sine innspel til aktuelle tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Smittevern - be fagrådet for kommuneoverlegar konkretisere - Pandemiatalen - fagrådet kommuneoverlegar - Samarbeid om legemiddelbasert rehabilitering av ruspasientar(LAR) - status for avtalearbeidet. Sende spørsmål til RU. Dersom det framleis er uklart bør dette vurderast inn på Handlingsplan - Oppfølging av mor og barn etter fødsel - samarbeid - endringa av ansvar og oppgåver? <p>Anne Hildegunn ber om at tema og tiltak må konkretiserast og helst meldast inn i denne tabellen:</p> <table border="1" data-bbox="300 846 1385 965"> <thead> <tr> <th>Forslagstiller</th> <th>Tema</th> <th>Konkret tiltak</th> <th>Grunngjeving for forslaget</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td> </td> <td> </td> <td> </td> <td> </td> </tr> <tr> <td> </td> <td> </td> <td> </td> <td> </td> </tr> </tbody> </table> <p>Konklusjon: Grappa ber Fagrådet for kommuneoverlegar konkretisere felles innspel vedr. Smittevern. Utover det må kvar kommune melde forslag til Anne Hildegunn innan fristen for innmelding som er 21. november.</p>	Forslagstiller	Tema	Konkret tiltak	Grunngjeving for forslaget									Alle
Forslagstiller	Tema	Konkret tiltak	Grunngjeving for forslaget											
34/16	<p>Pandemiatalen - prolongering av avtalen - status for kommunane si handsaming Prosess er starta i alle kommunar. Vedtak vert sendt til Anne Hildegunn når det er handsama.</p>													
35/16	<p>Avviksmelding Anne Hildegunn minner om at kommunane gjennom Samarbeidsutvalet har slutta seg til at det vert tatt i bruk nytt skjema for melding av avvik ifht Tenesteavtale 3-5, somatikk mellom kommunar og helseføretak. Nytt elektronisk utfyllbart skjema vert gjort tilgjengeleg frå 1.november på http://www.saman.no under Retningsline for avvik. Retningslinene for melding og mottak av avvik er ikkje endra, berre skjema for melding. Kommunane må sikre at rutinar for melding og mottak av avvik i eigen organisasjon vert ivaretatt. Det er viktig at også fastlegane vert orientert om det nye skjemaet.</p> <p>Konklusjon: Kommunalsjefgrappa tar dette til orientering og sørgjer for oppfølging i eigen kommune.</p>	Alle												
36/16	<p>Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling Seksjonsleiar ved Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest, Dagny R Faksvåg Haugen har kontakta Samarbeidssekretariatet angående kommunane sin representasjon og deltaking i Nettverk for kreftomsorg og lindrande behandling. Nettverket har ei styringsgruppe med ein kommunal representant frå kvart av samarbeidsutvalsområda, unntatt Nordhordland. Dette vil bli ei sak til Samarbeidsutvalet for Nordhordland og kommunalsjefgrappa er bedt om å komme med forslag til kommunal representant til styringsgruppa for nettverket.</p> <p>Konklusjon: Grappa vil føreslå Mette Fauskanger, Radøy som fast medl. i styringsgruppa. Forslag til repr. vert meldt til leiar for SU NH, Tord Moltumyr.</p>	AHF												

37/16	Helsehuset Anne Hildegunn hadde ein kort gjennomgang av reviderte skisser for Helsehuset. Gruppa takka for orienteringa.	
38/16	Særavtale LMS Medlemmene i kommunalsjefgruppa har fått tilsendt utkast til særavtale om <i>Samarbeid om opplæring av pasienter/brukere og pårørende i et lærings og mestringsnettverk</i> til gjennomgang og vurdering. Det er Bente Bø Taule som er kommunane sin representant i gruppa som har fått i oppdrag å utarbeide avtalen. Ho har bedt om innspel til avtaleutkastet. Konklusjon: Kvar av kommunalsjefane sender eventuelle kommentarar eller innspel til avtalen til Anne Hildegunn som sender ei samla tilbakemelding til Bente Bø Taule	Alle
39/16	Meldingssaker / eventuelt Ingen saker meldt	